

Styremøte HFL 10.05

Tid/stad: Teams, kl 20-21.50

Til stades: Per Øyvind, Margunn, Åslaug, Aud Fjeld og Irene Bjørke med på sak 2

1. Gjennomgang av referat frå førre styremøte 7.3.23, og frå årsmøte 12.3.23
Styremøte 7.3.
 - Oppfølging sak 4: Førespurnad om kandidatar til styret i Vestland musikkråd. På årsmøtet i april vart Rannveig Djønne frå HFL (og Berner Midthjell frå SFFL) innvalt. Per Øyvind sit i valnemnda for neste periode.Årsmøte 12.3
 - Årsmøtereferatet er ikkje signert av begge "protokollunderskrivarane" enno, og difor heller ikkje sendt ut/lagt ut på nettsida. Åslaug har sendt purring på signatur.
 - Sjå elles sak 5.

2. Status for VK23

Irene Bjørke og Aud Fjeld orienterte om planleggingsprosessen. På grunn av kombinasjonen med FolkOrg si jubileumshelg, får VK-arrangørane nokre ekstra utfordringar med å sette opp program. Komiteen hadde på førehand sendt forslag til inndeling i tevlingsklassar, ynskje om dommaroppsett og skisse til program. På møtet forklarte arrangørane korleis dei hadde tenkt, og forklart nokre val som skil seg frå det vanlege VK-oppsettet:

- Soloklassar vert delt junior/senior, ikkje ABCD.
- Det vert ikkje eigne runddansklassar, ev. runddansinnslag melder seg på i open klasse.
- Eitt dommarpanel med fem dommarar (som på t.d. Hilme-kappleiken) som dømmer alt.
- Tevlingsprogrammet vert blanda, altså ikkje klassevis oppsett.
- Ynskjer å få avvikla lag-klassar fredag, etter opningskonsert. Lagdans på golvet i salen, med publikum rundt. Lagspel til dansande publikum.
- Juniorklassar primært lagt til fredag. *Merk: alle junior-hardingfelespelarar i fylket er med på "Verdas største juniorspelemannslag" på konserten i Grieghallen, og har sceneprøvar mellom 10 og 12.30 laurdag.*
- Dansekvelden laurdag vert truleg på Grand Bergen – FolkOrg held i dette.
- Fordi dansekvelden i FolkOrg-regi ikkje vert gratis for kappleiksdeltakarane, er det førebels lagt opp til å legge premieutdeling til slutten på tevlingsdagen, før konsert i Grieghallen.
- Arrangørane opererer ut frå eit tak på ca 55 startnummer ut frå oppsett programskisse.
- Ynskjer påmelding innan 15.september, og dermed kunne sette opp og sende ut startlister i god tid før kappleiken.

HFL-styret støttar forslaga.

Nokre innspel som vart drøfta i møtet:

- Forslag: Avvikle dommarmøte på teams nokre dagar før kappleiken, for å unngå tidspress.
- Starttidspunkt fredag bør ikkje vere for tidleg, sjølv om ein kan legge til rette for lokale startnummer først. Kan vere uheldig signal å sende til resten av fylket. Bør ta omsyn til og inkludere deltakarar frå Rogaland og Møre og Romsdal.
- Kommunikasjon ut til laga vert viktig, både for å trekke deltakarar og synleggjere/forklare endringane ein gjer frå tidlegare år. *Områdelaga kan sjølv sagt hjelpe til med dette!*
- Bør ikkje gå ut med tak på deltakarar – men gjerne informere om at det kan verte stor deltaking.
- Forslag til effektivisering av sjokoladekappleik: legge opp til deltaking i grupper i staden for enkeltvis. Om dette vert kommunisert ut til instruktørar i lag og kulturskular i god tid, trur HFL dette vil verte ei god løysing. Truleg er det lurt å ha kontakt med Johanne Mjøs/Maria Toppe, som både er involvert i konserten og instruktør for sjokoladekappleiksdeltakarar.

- Sjå på om det er mogleg å halde premieutdelinga om kvelden – *kan hende utanfor billettert område på hotellet?*

3. Konstituering av nytt styre.

Åslaug held fram som kasserar, Margunn går inn som skrivar (og rekneskapsrådgjevar).

4. Gjennomgang av Dropbox og andre påloggingar

Nytt passord send ut på melding. Gmail-kontoen er “der det skjer noko”, dropboxen er arkiv.

5. Status samarbeidet med Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

Samarbeidsavtalen vart godkjend på begge årsmøta, med avtalane som vart godkjende viste seg å vere litt ulike versjonar. HFL-styret vedtek versjonen som SFFL har vedteke, då endringane var små/til det betre.

6. Kort om landsmøte FolkOrg:

Per Øyvind representerte HFL. Lokallag som var representert frå Hordaland: Voss, Osterøy, Fjellbekken (Åslaug var der òg, for Gaular spml.). Saker å merke seg frå møtet: FolkOrg innfører ungdomskontingent for medlemmer frå 18 til og med 26 år på kr 200,- frå 2024.

7. Oppgåver framover, jfr. Aktivitetsplan/arbeidsprogram

Kort gjennomgang av arbeidsprogrammet, med litt ekstra om nokre punkt:

- Minne lokallaga på å bruke www.folkarr.no.
- Jubileumsmiddag? Vart avlyst i samband med Hordakappleiken. Mogleg gjennomføring på slutten av året?
- Vestlandskappleiken: Må hugse å inkludere Møre og Romsdal og Rogaland i invitasjonen. Når vi skal finne dommarar, vil det vert ei anna ansvarsfordeling enn vanleg mellom HFL og SFFL. Vanleg vektning er 2–1 i kvart dommarsett. Vi føreslår at HFL skaffar 3 og SFFL 2.
- Arbeide med status for Vestlandskappleiken: spørjeundersøking til laga + mogleg bruk av felles midlar til arbeidet med VK og leiarmøte, jf. fellessøknad til Fylkeskommunen
– Per Øyvind kontaktar SFFL v/Nikolai for å komme vidare med desse sakene.

8. Fordeling av tilskot/inntømne søknader

Desse søknadene vart støtta:

Spelkurs for barn og unge	BUL Ervingen	10 000
Til støls, CD-prosjekt	Hardingspretten	15 000

Søknad frå Hardingfela.no, til Spring Vest-prosjektet: vi føreslår å bruke fellesmidlar frå HFL/SFFL. Per Øyvind sender spørsmål til SFFL.

Sjå elles oppsett i Dropbox, “Oversikt løyvingar”.

Neste møte: ikkje sett dato, men truleg ikkje før etter neste søknadsfrist 1.august.

Det vert truleg ein del epost-/telefonkontakt i samband med VK før dette..